

Tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79 Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden - vedlegg

Nr	Søkjjar	Prosjektnamn	Søknadssum	Tilråding	Grunngjeving	Kort presentasjon av tiltaket/prosjektet	Totale utgifter
1	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Parkforvaltar	300 000	250 000	Parkforvaltar har ei viktig rolle i å hjelpe fram nye istandsetjingsprosjekt og bidra til hjelp med rapportering av prosjekt som har fått tilskot. Viktig å ha ein ressurs lokalt som kan hjelpe dei enkelte eigarane av kulturminne i verdsarvområdet. I 2021 er 500 000 kr. øyremerkt av Riksantikvaren til finansiering av to stillingar (søknad 1 og 2). Parken kan sjølv vurdere korleis midlane fordelast mellom stillingane.	Delfinansiering av stilling	660 000
2	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Kulturvernforvaltar	500 000	250 000	Dette er ei ny stilling som skal bidra til at istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, gjennom å vere ein handverksrådgjevar for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet. I 2021 er 500 000 kr. øyremerkt av Riksantikvaren til finansiering av to stillingar (søknad 1 og 2). Parken kan sjølv vurdere korleis midlane fordelast mellom stillingane.	Delfinansiering av stilling	1 000 000
3	Siv Beate Bakke	Sagentunet - driftsbygningen	1 465 000	1 465 000	Bygningen har 6. prioritet i Restaureringsplan for	Istandsetjing av løa	4 035 000

					Vestnorsk fjordlandskap for området Bakka og Tufto. Den er ein del av eit svært verdifullt tun på Bakka og det er svært viktig at den vert sett istand. Prosjektet er starta og bygget er no demontert og restaureringa starta. Løyvinga er viktig for å fullføre istandsettinga i 2021.		
4	Ottar Stegen	Øvste Stegen - løe	675 000	675 000	Bygningen har 2. prioritet i Restaureringsplan for området Høgdegardane Stigen og Nedbergo. Dette er ei av to eldre løer på høgdegardane i verdsarvområdet som framleis står. Istandsettinga av løa vart starta i 2020 og ei løyving i 2021 vil gjere det mogeleg å fullføre prosjektet. Det er svært viktig at løa vert sett i stand.	Del 2 av istandsetjing av løa	971 959
5	Håkon Aksnes	Undredal - naust	290 000	290 000	Naustet er ikkje prioritert i restaureringsplanen. Det er ein mindre synleg del av bygningsarven i Undredal, men fortel ein del av historia om Undredal som ein stad der hovudkommunikasjonen gjekk på fjorden. Eit tilskott vil gjere at naustet vert bevart for framtida.	Istandsetting av naust	418 375
6	Nils Hjellum	Melhus - høyløe	80 000	80 000	Høyløa er ikkje prioritert i restaureringsplanen, men har ingen bruk i dag, så eit tilskott vil vere med å bevare ho som ein del av kulturlandskapet i	Istandsetting av høyløe	118 250

					verdsarvområdet og det viktige kulturmiljøet på Melhus.		
7	Lars Nedberge	Nedbergo -løe	2 110 000	0	Eit omfattande prosjekt, som i realiteten er eit nybygg og ikkje eit bygningsvernprosjekt. Ei ny løe vil vere viktig for heilskapen i kulturmiljøet på Nedbergo, men prosjektet er ikkje planlagt godt nok til at det kan vurderast om det kjem inn under formålet med tilskotsordninga.	Rekonstruksjon av løa	3 022 500
8	Torill Nedberge Klevmark	Nedbergo - geitefjøs	370 000	370 000	Bygningen har prioritet 1 i området høgdegardane Stigen og Nedbergo. Pengar vart løyvd til prosjektet i 2019, men det er ikkje fullført og midlane er difor trekt attende. Fylkesdirektøren rår til at midlane vert løyvd på nytt for at prosjektet skal kunne fullførast.	Istandsetting av geitefjøs	
9	Håkon Aksnes	Undredal - røykehus	50 000	50 000	Ein utedo frå vegbygging på 1950-talet. Seinare flytt og nytta som røykehus. Eit godt døme på korleis bygningar og bygningsdeler vart oppattbrukt i ei veglaus fjordbygd utan god lokal tilgang på byggematerial.	Istandsetting av røykehus/utedo	72 000
10	Olav Magne Dyrdal	Bakka -eldhus	670 000	250 000	Eldhuset er prioritert som nummer 5 i restaureringsplanen for området Bakka/Tufto. Dendrokronologisk undersøking har synt at dette	Istandsetting av profant mellomalderbygg	

				<p>er ein av få profane mellomalderbygningar i Sogn og har difor høg prioritet. Prosjektet fekk løyvd 410 000 kr i 2019, men istandsettinga er ikkje fullført, slik at 265 300 er trekt tilbake.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at 250 000 kr vert løyvd på nytt for at prosjektet skal fullførast. Dei resterande midlane vert løyvd i eiga politisk sak for post 73 - Profane mellomalderbygg.</p>		
--	--	--	--	---	--	--